



Svelgen 30.06.2020

Til Helseminister Bent Høie

Kopi til Helse- og omsorgskomiteen på Stortinget.

### Styrking av fødselsomsorga?

13. juni ber statsråden sjukehusføretaka om å styrke fødselsomsorga rundt omkring i landet, nesten samstundes så varslar 6 av landets 46 fødeavdelingar at dei stenger mellom 4-8 veker i sommar. Dette er heilt uakseptabelt meiner Norges Kvinne- og familieforbund. Vi veit alle at sommaren er høgsesong for fødslar i Norge, så ein burde heller styrka tilbodet. Men kvart einaste år varslar fleire helseføretak at dei stenger fødeavdelingar om sommaren, sånn kan vi ikkje ha det framover.

Usikkerheita som dei fødande kjenner på når fødeavdelinga vert sommarstengt vert ei ekstra belastning for dei fødande. Dei får då ein mykje lenger reiseveg til fødeavdelinga, og vi veit at det manglar følgjeteneste i 77 av landets kommunar. (ut frå VG si undersøking). Det er ca 300 kvinner som ufrivillig føder utanfor fødeavdelingane kvart år. Kven har ansvaret dersom noko går gale?

Det må verte slutt på at det er innanfor fødselsomsorga det skal sparast kvar einaste sommar. Helseføretaka i Norge må vise at dei tek bekymringane frå jordmødrene på alvor, og opprettheld fødeavdelingane om sommaren og. Dette er noko vi i forbundet har påpeika i mange år.

Dersom regjeringa og statsråd meiner at fødselsomsorga skal styrkast må det setjast av øyremarka pengar på statsbudsjettet til styrking av fødselsomsorg rundt omkring i helseføretaka, det er ikkje hjelp i å be om styrking utan at det føl pengar med.

**Norges Kvinne- og familieforbund ber regjeringa setje av øyremarka midlar på neste års statsbudsjett til styrking av fødselsomsorg rundt omkring i helseføretaka.**

Med venleg helsing  
*Norges Kvinne- og familieforbund*

Aina Alfredsen Førde  
Aina Alfredsen Førde  
forbundsleiar